

Herren talar naar me fødest
Daa ein ser hans allmakts hand
Herren talar naa me døypast
Naar me faa hans heilag and
Herren talar naar me eta
Drikka sova kvar me er
Naar me læsa aa faar vita
Botnelaus hans naade er
Herren talar naar me leita
I hans ord finn veg aa bru
Aa paa naadens grasvoll beita
Beda elska vona tru
Herren talar gjenom solen
Gjenom maane stjernehær
Gjenom Kyrkja gjenom skolen
Gjenom møter her aa der
Gjenom elding gjenom tora
Gjenom stormar is aa snjo
Gjenom lava upp av jora
Gjenom jorsjelv hav aa flo
Gjenom lite gjenom mykje
Gjenom velfærd gjenom trong
Gjenom alting um ein tykkje
Da er bittert mang ein gong.
Herren talar naar vort hjarta
Sukkar etter trøyst aa fred
Naar me kjennar noko smerta
Aa paa sjukeseng legst ned
Herren talar gjennom undar
Gjenom livets byljedrag
Gjenom tid aa gjenom stundar
Gjenom natt aa gjenom dag
Herren talar gjenom sumar
Gjenom vetter haust aa vaar
Gjenom bla aa bær aa blommar
Gjenom alt av Gud me faar.
Herren talar gjenom smitta
Gjenom hunger gjenom tørst
Kan ein nikon ting upphitta
Kor ikkje Gud er med si røyst.
Talar til os med me leva
Mind os um at mme skal døy
Eingong lyta me begjeva
Visnar burt som straa aa høy

Herren talar naar til graven
Me ein ven skal bæra hen
Naar me stend i dødningkaven
Minnor kjem fraa himmelen.
Herren talar når paa resten
Han varskuar lag dykk til
Snart eg kjem paa gule hesten
Sæl naar du til himlen vil
Alle vil til himmerikje
Alle vilja verta frelst
Men min ven da nytta ikkkje
Onkvarleis aa naarsohelst